



| Utv. saksnr. | Utval | Møtedato |
|--------------|---------------|------------|
| 43/2023 | Kommunestyret | 22.06.2023 |

Områdereguleringsplan for Vågåmo – oppstart av planarbeid og høyring av planprogram

Vedlegg

- 1 Planprogram for områdereguleringsplan for Vågåmo_14.06.2023

Relevante dokument, ikkje vedlagt men lagt inn lenker til dokumenta.

- Stadutviklingsplan for Vågåmo (masterplan) utarbeidd av Norconsult (2023)
(Lenke til dokumentet: [Masterplan endeleg rapport](#))
- NGI-rapportar frå Mulighetsstudie for helhetlig sikring av Vågåmo:
 - Fase 1 Rapport: PRESENTASJON AV KUNNSKAPSGRUNNLAGET; NÅ-SITUASJONEN (NGI, 2022a) (Lenke til rapporten: [NGI Fase 1-rapport](#))
 - Fase 2 Rapport: STUDIE AV ALTERNATIVE SIKRINGSLØSNINGER (NGI, 2022b) (Lenke til rapporten: [NGI Fase 2-rapport](#))
 - Fase 3 Rapport: VURDERING AV DE MEST RELEVANTE LØSNINGENE (NGI, 2022) (Lenke til rapporten: [NGI Fase 3-rapport](#))

Saksframlegg:

Bakgrunn for saka

Vågå kommune har starta arbeid med områderegulering av Vågåmo. Planarbeidet er utløynt av behovet for nødvendig planavklaring for gjennomføring av flomsikringstiltak. Vågåmo tettstad og kommunesenter ligg utsett til for flaum og flaumskred. Staden er etablert på ei elvevifte og det samla farebiletet er særleg knytt til hendingar i elvene Finna, Nugga og Otta. Med bakgrunn i denne situasjonen har NVE gjennomført ein moglegheitsstudie av heilskapleg sikring av Vågåmo mot flaumskred og flaumhendingar. Oppdraget er utført i tre fasar, der Fase 1 la kunnskapsgrunnlaget ved å beskriva nå-situasjonen. I Fase 2 vart eit breitt spekter av moglege sikringsløyningar beskrive og vurdert. I Fase 3 av prosjektet er dei mest formålstenlege og relevante tiltaka ytterlegare detaljert med tilrådingar av kva ein bør gå vidare med. Naturfarane som er vurderte er flaum i Finna, Nugga og Otta, og dessutan flaumskred i Nugga. Studien viser at ei full sikring av Vågåmo mot flaum og flaumskred er mogeleg ved å gjennomføre skisserte tiltak.

Utanom regulering av flaumsikringstiltaka, arbeider Vågå kommune med stadutvikling gjennom arbeidet med Masterplan for Vågåmo. Når det nå blir sett i gang med områderegulering for eit areal som inkluderer Vågåmo sentrum, vil det vera viktig å ivareta ønskte rammer for sentrumsutvikling.


Overordna og tilrådde grep frå dette stadutviklingsarbeidet vil vere innspel til områdereguleringsplanen og innarbeidast i den grad kravet om framdrift i planprosessen opnar for dette.

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for sikring av Vågåmo mot flom og flomskred samt innarbeide overordna føringar for sentrumsutvikling, jf. Masterplan for Vågåmo.


Områdereguleringsplan er vald som planform med omsyn til regulering av sentrum og dei skisserte flaumsikringstiltaka. Områdereguleringsplan er ein plantype som gir moglegheiter til å tilpassa detaljeringsnivået, slik at det gir nødvendige områdeavklaringar på eit meir overordna nivå eller spesifikke føringar for gjennomføring av bygge- og anleggstiltak. I ei områderegulering kan det samtidig stillast krav om vidare detaljregulering for enkeltområde. Detaljeringsgraden av dette arbeidet avheng av om arealbruken skal følgjast opp med detaljreguleringar. Flaumsikringstiltaka skal regulerast detaljert nok til at byggjeløyve kan gjevast utan vidare detaljregulering. Dette gjeld òg areal som blir ramma sekundært som følgje av flaumsikringa, under dette tilkøyringsveggar, mellombelse anleggsområde, område for massehandtering, og mellombels og varig masselagring. For ein del område i sentrum kan det vere nødvendig å setje krav om detaljregulering. Kommuneplanens arealdel vedteken i 2017 gir òg føringar for framtidig arealbruk. Det er naturleg at framtidig arealbruk blir innarbeidd i områdereguleringa.

Planområdet

Førebels plangrense omfattar Vågåmo sentrum og dessutan delar av Finna og Nugga, i tillegg til delar av Vågåvatnet og Otta-elva. Planområdet er på ca. 5345 daa og omfattar såleis eit stort areal. Planavgrensinga er sett med bakgrunn i skisserte flaumsikringstiltak, og omfattar dermed aktuelle areal med tanke på m.a. flaumtunnel, fangnettverk langs Nugga, flaumverk og med omsyn til areal regulert til uttak av masse. Plangrensa er dessutan definert ut i frå at heile og ikkje delar av eldre reguleringsplanar ligg innanfor planområdet. Der det er nødvendig må planen utarbeidast i fleire vertikalnivå, slik det vil vere for ein flaumtunnel. I planprosessen vil plangrensa kunna vurderast nærare ut ifrå behovet, og det kan dermed vera aktuelt å redusere planområdet ved utarbeiding av planforslaget. Ei rekkje eigedommar og reguleringsplanar ligg innafor planområdet. Over 20 reguleringsplanar er oppgitt til å vera omfatta av planområdet.



Figur 1. Kartutsnittet viser foreslått plangrense ved varsel om oppstart. Kartgrunnlag: InnlandsGIS



Figur 2. Kartutsnittet viser omfanget av gjeldende reguleringsplanar innafor planområdet.

Planprogrammet

Planarbeidet utløyer krav om KU etter forskrift om konsekvensutgreiingar § 6 a og § 8. Vidare er det krav om planprogram etter plan- og bygningslova § 4.1 og KU-forskrifta § 6.

Planprogrammet (vedlagt) skal leggja rammer for utgreiingsbehov, oppfylling av krav om konsekvensutgreiingar og leggja vegen vidare til den juridisk bindande områdereuleringsplanen. Føremålet med planarbeidet, rammer og føringar, planprosessen, opplegg for medverknad, framdrift og utgreiingskrav er skildra i planprogrammet. Planprogrammet er utarbeidd av Vågå kommune med innspel og bistand frå Norconsult. Det har vidare vore dialog med NVE og Multiconsult om planprogrammet og dei har kome med sine innspel og kommentarar.

I og med at flaumsikringstiltaka blir greidde ut i samband med Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE, sitt arbeid med detaljprosjektering av løysingane, vil ein stor del av grunnlaget for konsekvensutgreiinga til områdereuleringsplanen kunne hentast frå dette arbeidet. Metodikken for den enkelte fagutgreiing er dels bestemt av tema og utgreiar sine val av metodikk. Det blir lagt til grunn at det blir nytta kjent metodikk der det er mogeleg. Både Statens vegvesen si handbok V712 og handbok M-1941 for klima og miljø vil vere aktuell å nytte. Konsekvensutgreiinga skal også gjere greie for områdeplanen sin verknad i forhold til 0-alternativet, som er forventa utvikling av området dersom områdereuleringsplanen ikkje blir vedteke og gjennomført.

Skisserte sikringstiltak

Av rapporten *Mulighetsstudie for helhetlig sikring av Vågåmo* (fase 3), utarbeidet av NGI på oppdrag for NVE, kjem det fram at Finna utgjer det største problemet i Vågåmo, og det er liten tvil om at flaumtunnel kombinert med sedimentasjonsbasseng vil gi størst tryggleik. I tillegg gir dette betre moglegheit for å utvikla elvemiljøet gjennom sentrum, ved at ein unngår dei største flaumane. Rapporten konkluderer med at studien viser at full sikring av Vågåmo mot flaum og flaumskred er mogeleg med følgjande sikringstiltak:

Finna:

- ✓ Sedimentasjonsbasseng / tersklar mellom utløpet av Finngjelet og Statnett sin trafostasjon, i kombinasjon med *anten*
- ✓ Ein flaumtunnel frå like oppstraums Statnett sin trafostasjon til rett vest av småbåt-hamna i Vågåvatnet, *eller*
- ✓ Heva og forsterka flaumverk langs elva gjennom Vågåmo, og dessutan heving av Finna bru.

Nugga:


- ✓ Etablering av tre fangnett for flaumskred og drivgods oppstraums Øygardvegen.
- ✓ Utbetring / heving av flaumverk langs elva frå Øygardvegen til nedstraums industrivegen, og auke av kapasitet under bruer.
- ✓ Ein låg voll i kanten av jordet aust for industrifeltet

Otta:


- ✓ Sikring av Vågåmo vassverk ved anten flaumvoll langs Ottavatnet (nedanfor), eller separate tiltak for kritisk del av vassverksbygget i kombinasjon med nivå-heving av sårbare installasjonar i tre brønnhus.
- ✓ Regulert masseuttak ved og nedstraums utløpa av Finna og Nugga og dessutan i utløpet til Finna.
- ✓ Etablering av ein flaumvoll og pumpeverk langs Vågåvatnet mellom Ottadalsvegen og Nedre Nordheradsveg.
- ✓ Etablering av flaumvoll ved Kræmar-Sandbu og Krokrom / Krokjordet. (Skildring og vurdering av dette tiltaket er ikkje med i rapportane til Fase 1 og Fase 2, men har kome til først i Fase 3 av Mulighetsstudien).

Alle tilrådde flomsikringstiltak omtalt over skal inngå i områderegeringsplanen. For Finna er flaumtunnel og sedimentasjonsstersklar dei priorerte tiltaka som totalt sett gjev den beste løysinga. Ein går berre vidare med oppgradering av eksisterande sikring dersom tunnel ikkje er mogeleg.

I mogleghetsstudien er det gjort vurderingar av moglege og tilrådde løysingar for heilskapleg sikring. Det kan ikkje utelukkast at det gjennom arbeidet med detaljprosjektering kan bli justeringar i aktuelle sikringstiltak som igjen kan påverke reguleringsplanarbeidet.



Figur 3. Kartutsnittet viser oversikt over sikringsnivå flomverk og tryggingklasser i bygningar langs vassdraga. Kjelde: NGI rapport fase 3.



Figur 4: Dei to aktuelle lokalitetane for inntakskonstruksjon til flamtunnel, ved Sælatunga (1) og i svingen oppstrøms trafostasjonen (2) (Kjelde: NGI-rapport fase 3)

Stadutvikling

Kommuneplanens samfunnsdel 2017-2027 bygger på Vågå kommune sin visjon: "Vågå – eit verdival". Vågå. Stadutvikling er eit av dei fire fokusområda i samfunnsdelen. Arbeidet med masterplan for stadutvikling byggjer på samfunnsdelen sine mål for stadutvikling.

Arbeidet med konseptutvikling i masterplanarbeidet har munna ut i forslag til følgjande overordna strategiar:

- Konsentrere ny utvikling av sentrumsfunksjonar kring eksisterande sentrumskjerne (fortette/transformere)
- Knyte saman («uteromsvev» som knyt saman ulike uterom og målpunkt)
- Aktivisere (grønstruktur, byromsvev, tomme bygg)
- Snu mobilitetshierarkiet (stadutvikling på dei mjuke trafikantane sine vilkår)

Desse overordna strategiane er lagt til grunn i utforminga av masterplan for stadutvikling og tilrådde utformingsprinsipp (fase 4).

Prosess og medverknad

Arbeidet med reguleringsplan krev eit nært samarbeid med NVE og prosessen for planlegging og detaljprosjektering av sikringstiltaka mot flaum i Finna, Nugga og Otta. NVE er no i ein prosjekteringsfase, der det skal gjerast val av løysing og detaljprosjekterast. Multiconsult skal bistå NVE i dette arbeidet.

NVE sine val av løysingar og tilhøyrande utgreiingsarbeid i prosjekteringsfasen, vil vere nødvendig materiale og eit viktig grunnlag for reguleringsplanen. Med bakgrunn i dette vil det vere bindingar mellom detaljprosjektering og regulering. I og med at reguleringsplanen skal innarbeide dei nødvendige sikringstiltaka, må desse prosessane gå parallelt i tid og eit godt samarbeid er nødvendig. I nært samarbeid med NVE vil skjeringspunkt for leveransar og eit samarbeidsopplegg for den vidare planprosessen måtte avklarast.

Med bakgrunn i at områdeplanen skal omfatte sikringstiltak og innarbeide føringar frå masterplanen for stadutvikling, er dette tema som opptek lokalbefolkninga i stor grad. Medverknad er eit sentralt verktøy gjennom planprosessen. Planen rårar ved mange interesser og det er viktig med ein god prosess mot ulike interessegrupper, fagressursane til kommunen, relevante offentlege styresmakter, naboar og grunneigarar. Her er det fleire omsyn som må avvegast og aktivitetar som må tilpassast kvarandre. Å planlegga for dialog og ein reell og målretta medverknadsprosess er avgjerande for godt resultat. Det er viktig med tidleg involvering av grunneigarar som blir ramma av flaumsikringstiltak, og kommunen har allereie hatt møte for tidleg dialog. NVE vil også spele ei viktig rolle i dialog, orientering og medverknad.

Det er i planprogrammet etablert ein framdriftsplan som gjer greie for prosessen med dei ønskete fristane. Det kan likevel bli behov for tilpassingar av framdrifta i høve til NVE si detaljprosjekteringa. Planprogrammet beskriv mogleg medverknad i dei ulike fasane i planarbeidet.

Det vil bli lagt til rette for dialog mot dei offentlege instansane der det er behov for avklaringar for å løyse problemstillingar som har kome fram i merknader/innspel til planoppstart og ved behov for kontakt seinare i planprosessen. Det vil òg vera naturleg å nytta regionalt planforum for orientering,

drøfting og avklaringar undervegs. Områdereguleringsplanen, med grunnlag for planprogram og aktuelle andre forhold i samband med planoppstart, vart drøfta i regionalt planforum 22.03.23, slik at regionale instansar allereie i tidleg fase har fått ei orientering om planarbeidet som skal settast i gang.

Vurdering:

Planprogrammet gir ei omtale av kva analyser som trengst for å leggje grunnlag for ein god områdereguleringsplan for ønskt utvikling av Vågåmo. Planprogrammet gjer greie for kva tema som skal konsekvensutgreiast for å oppfylle krava etter Forskrift om konsekvensutgreiingar.

Planprogrammet er vurdert til å gi eit grundig og godt grunnlag for å utarbeide ein områdeplan for Vågåmo. Kommunedirektøren meiner forslaget til planprogram gir ei god skildring av:

- Føremål med planarbeidet
- Avgrensing av planområdet
- Nasjonale føringar
- Utgreiingstema

Utgreiingstema blir vurderte å vera relevante og dekkande for plansaka. Områdereguleringsplanen vil gi kommunen gode moglegheiter til å sikre grunnlag for etablering av nødvendige flaumsikringstiltak og oppdatere eldre plangrunnlag. Reguleringa legg til rette for å tenkje heilskap i sentrum, og gi overordna føringar med omsyn til ønskt utvikling av Vågåmo sentrum. Planarbeidet er også positivt med omsyn til å sjå flaumsikringstiltaka i nær samanheng med stadutviklingstiltak. Forslaget til planprogram legg opp til ein god planprosess, med medverknad, analysar og utgreiingar, som vil gi eit godt grunnlag for å vedta ein områdereguleringsplan for Vågåmo.

Etter kommunedirektøren si vurdering gir planprogrammet samla sett eit godt grunnlag for ein god prosess i det vidare arbeidet med planforslag og konsekvensutgreiing.

Det kan ikkje utelukkast at det gjennom NVE sitt arbeid med prosjektering av sikringsløyisingar kan bli endringar som kan påverke aktuelle sikringstiltak og med dette også reguleringsplanarbeidet. Da det er lagt opp til parallelle prosessar, og stram framdrift både for prosjektering og regulering, vil det vere viktig å legge til rette for at nødvendig justering i plangrunnlaget kan skje så raskt som mogleg. Om slike situasjonar oppstår, legg kommunedirektøren til grunn at administrasjonen har delegert mynde til å gjere heilt nødvendige justeringar, som t.d. justeringar i avgrensing av planområde eller utgreiingstematikk, for å halde nødvendig framdrift i planarbeidet.

Det er viktig å vere tydeleg på at formålet med planarbeidet er å legge til rette for sikring av Vågåmo mot flom og flomskred samt innarbeide overordna føringar for sentrumsutvikling, jf. Masterplan for Vågåmo. Prosessen med områderegulering vil ut frå krav til framdrift i liten grad kunne ta inn private innspel utover dette, da det vil medføre at planarbeidet aukar vesentleg i omfang og sin tur vil føre til at planprosessen ikkje klarar å halde tritt med NVE sitt prosjekteringsarbeid. Dette vil kunne forseinke sikring av Vågåmo mot flom og flomskred sidan områdereguleringsplanen må vere godkjent før sikringstiltak kan gjennomførast.

Kommunedirektøren tilrår at det blir varsla oppstart av planarbeid for områderegulering Vågåmo og at planprogrammet blir lagt ut til offentleg ettersyn og høyring.

Kommunedirektøren si innstilling:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-2, 12-8 og 12-9, jf. § 4-1, blir forslag til planprogram for områderegulering Vågåmo lagt ut til offentlig ettersyn i minst seks veker. Det blir samtidig varsla oppstart av planarbeid.

Kommunedirektøren får mynde til å gjere påkravde justeringar i varsel om oppstart av planarbeid med omsyn til planavgrensing og framlagt planprogram, med bakgrunn i faglege tilrådingar frå tilknytte konsulentar og NVE. Dette for å halde nødvendig framdrift i planarbeidet som blir sett i gang.

Kommunestyret si behandling av sak 43/2023 i møte den 22.06.2023:**Behandling**

Samrøystes

Vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-2, 12-8 og 12-9, jf. § 4-1, blir forslag til planprogram for områderegulering Vågåmo lagt ut til offentlig ettersyn i minst seks veker. Det blir samtidig varsla oppstart av planarbeid.

Kommunedirektøren får mynde til å gjere påkravde justeringar i varsel om oppstart av planarbeid med omsyn til planavgrensing og framlagt planprogram, med bakgrunn i faglege tilrådingar frå tilknytte konsulentar og NVE. Dette for å halde nødvendig framdrift i planarbeidet som blir sett i gang.